

# Oppfølging og kartlegging av ungdom utan tilbod i OT si målgruppe etter overføring frå vigo

## Utsending av brev

OT-brev skal sendast til alle i OT si målgruppe til det året dei fyller 21 år. Brev til ungdom under 18 år skal stilast både til ungdom og føresette.

Etter overføring i vigo av ikkje-søkjarar mm, må den enkelte saksbehandlar snarast mogleg kode om saker som skal følgjast opp vidare i nytt skuleår slik at dei ikkje får ot-brev.

## Ungdom med følgjande koder skal ha standard OT-brev:

- Har ikkje søkt (OSON)
- Har ikkje fått tilbod om plass i skule (OSUT)
- Har svart nei til plass/venteplass (OSNP)
- Har aldri hatt plass/venteplass (OSVE)

Alle regionskontora sender ut ot-brev på same tidspunkt utan at listene er vaska på førehand (ut over omkoding av aktive OT-saker).

## OT-brev sendast ut frå følgjande OT-einingar:

- 12250 – Bergen Sentrum
- 12256 – Bergen Sør
- 12260 – Bergen Vest
- 12261 – Askøy, Fjell, Sund, Øygarden
- 12265 – Bergen Nord/Aust
- 12266 – Nordhordland/Bergen Aust
- 12270 – Sunnhordland
- 12275 – Voss
- 12276 – Ytre Hardanger
- 12280 – Indre Hardanger

### **Masse-omkodning i OTTO etter utsending av standardbrev:**

Når brev er sendt ut, gir ein melding til systemansvarleg for OTTO om at brev er sendt: «Brev til OT-ungdom i eining 12250 med vigo-kode OSON er sendt dato....». Systemansvarleg kodar deretter om alle i ot-eining 12250 frå kode OSON til OTUK.

### **Feiladressering / Brev i retur**

Brev som ikkje blir levert på grunn av **feil adresse**, går i retur til avsendarkontor. Nytt brev sendast ut til ny adresse snarast (dersom ungdom har fleire adresser). Viss ein ikkje finn rett adresse, kan Inntakskontoret ved Elin Meyer-Wikan hjelpe til med å finne rett adresse.

**Svarbrev** blir registrert og følgd opp vidare lokalt.

### **Utsending av SMS**

SMS sendast ut 2 veker etter at brev er sendt til alle ungdom med OT-kode OTUK.

(Sjå rutine for masseutsending av SMS.)

Forslag til tekst: «*Hei. Vi sendte deg et brev fra Oppfølgingstjenesten for en uke siden. Vi vil svært gjerne vite om du trenger veiledning i spørsmål om utdanning og yrke, eller om du allerede har et tilbud (jobb, skole e.l.) Fint om du kan svare på denne SMS. Hilsen OT/PPT.*»

Når SMS er sendt, gir ein melding til systemansvarleg for OTTO om at SMS er sendt: «SMS til OT-ungdom i eining 12250 med vigo-kode OTUK er sendt dato.....». Systemansvarleg legg inn ei masseregistrering av aktivitet-utsending av SMS i eininga.

### **Vasking av lister – kontakt pr telefon**

Kontakt med OT-ungdom skjer parallelt med utsending av brev og sms. OT-ungdom kodast om til rett OT-kode når kontakt er oppnådd. Leiar for OT vurderer når det er naudsynt med felles dugnadsinnsats i dette arbeidet, slik at ein kjem raskare i kontakt med dei som treng oppfølging.

### **Rapporteringstidspunkt til UDIR:**

15. november, 15. februar og 15. juni.

Ungdom med kode OTUK vil stå som ukjent i OTTO inntil vi har fått kontakt og informasjon om kva aktivitet dei har i skuleåret. Det skal jobbast med å kartleggje ungdomsgruppa gjennom heile året, og ikkje berre i førekant av rapportering. Målet er å ha oversikt over heile ungdomsgruppa innan skuleåret er omme.